




Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

VURDERINGSRAPPORT

KINSARVIK SKULE



13. – 16. november 2006



1 FØREORD

Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling

Med utgangspunkt i Stortingsmelding nr. 28 (1998-99) "Mot rikare mål", vart det sett i gang eit 3-årig nasjonalt prosjekt : "Ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid". Hordaland søkte, men kom ikkje med i prosjektet.

Likevel var signala der, og kommunane vart oppmoda om å jobba med kvalitetsutvikling og vurdering. Desse signala er forsterka i Kvalitetsutvalet si delinnstilling av 14. juni 2002 "Førsteklasses fra 1. klasse".

Skulesjefane/dei skulefagleg ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss har såleis vedteke å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i skulen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at skulen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylle kravet i Opplæringslova om kommunen sitt ansvar for å sjå til at skulane jamleg vurderer si eiga verksemd

Kven er vurderar ?

10 personar i Hardanger/Voss er medlemmer i vurderingsgruppa. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og skal vurdere dei 48 grunnskulane i regionen i løpet av 6 år, dvs. 8 skular pr år. 2 frå gruppa (vurderingspar) gjennomfører vurdering på ein skule, og ingen vurderer skular i eigen kommune.

Kva gjer vurderarane ?

- Skulen vel eit fokusområde for vurdering, i samråd med skulefagleg ansvarleg i kommunen
- Vurderingsparet førebur sjølve vurderinga gjennom eit fyrste møte med skulen, utarbeiding av kriterium, metodeval og verktøy tilpassa det skulen ynskjer fokus på.
- Sjølve vurderinga vert gjennomført.

Rapporten

Vurderingsparet skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utfordringar skulen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av skulen, men kanskje eit bidrag til kva ein skal arbeida vidare med innan det fokusområde som er vurdert.

Det er ynskje at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta, kan overførast til det interne vurderingsarbeidet skulen årleg arbeider med.



2 FAKTA OM SKULEN

Kinsarvik skule er ein 1-10 skule. Ny barneskule vart bygd til den eksisterande ungdomsskulen i 2003. Barnesteget er 4-delt med 78 elevar. I 1.-4. er det 49 elevar og 29 på 5.-7. Ungdomssteget har 3 klassar med 83 elevar. 10 av elevane er minoritetsspråklege (ikkje frå Mottaket). Skulen ligg i sentrum av Kinsarvik, nær Ullensvang Innvandrarsenter og asylmottak. 5 av elevane kjem derifrå. I alt 15 minoritetsspråklege.

SFO open 13.05-16.00 kvar dag med 27 elevar.

Skulen har 27 lærarar i ulike prosentstillingar, 6 assistentar, ein sekretær i 50 %, vaktmeister delt med Kinsarvik barnehage (20%), tre reinhaldarar. I tillegg har helsesøster fast kontortid måndagar, og sjefsbibliotekar i heradet er her kvar torsdag

3 VURDERINGSTEMA

Kinsarvik skule har bede om vurdering på følgjande tema:

1. Sikra at det fysiske og psykososiale arbeidsmiljøet fremjar helse, trivsel og læring.
2. Stimulera elevane i deira personlege utvikling og identitet til å utvikla etisk, sosial og kulturell kompetanse og evne til demokratiforståing og demokratisk deltaking.

4 KRITERIUM/KVALITETSKRAV

Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriterium er henta frå lov, regelverk, læreplanverk og skulen sine egne planar.

Når vurderingsparet gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med den informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon på skulen, i tillegg til dei dokument som skulen har lagt fram.

Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderingsparet, og godkjende av skulen.



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

KRITERIUM	TEIKN PÅ GOD PRAKSIS
Det fysiske arbeidsmiljøet er tilpassa både vaksne og barn	<ul style="list-style-type: none">- Alle har tilgong til ulike og trivelege undervisningsareal både ute og inne.- Det er mogleg å slå saman og dela opp elevgrupper i ulik storleik.- Det er tilfredsstillande tilgong på digitale hjelpemiddel.- Det er lagt til rette for varierte aktivitetar både i friminutta og i undervisninga.- Romma har tilfredsstillande standard på utstyr.- Skulen har HMT-rutinar
Det psykososiale arbeidsmiljøet fremjar helse, trivsel og læring.	<ul style="list-style-type: none">- Alle trivest på skulen, også dei minoritetsspråklege.- Leiinga ved skulen "ser" alle.- Læraren gir elevane merksemd og "ser" elevane kvar dag.- Det er dialog i medarbeidarsamtalen og elevsamtalen.- Det er open kommunikasjon mellom skule og heim og kollegaer/lærer /elev(låg terskel for informasjon begge vegar).- Elevane og dei tilsette opplever arbeidsro- Minoritetsspråklege vert integrert
Elevane vert stimulert til sosial utvikling	<ul style="list-style-type: none">- Lærarane er gode rollefigurar- Lærarane handhevar fellesreglar.- Skulen nyttar opplegg for å utvikla sosial kompetanse (steg for steg, lions quest...)- Elevane er høflege- Elevane viser respekt for medelevar (også minoritetslevar) og lærarar.
Elevane har innverknad på sin eigen kvardag	<ul style="list-style-type: none">- Elevane arbeider etter vekeplan/lekseplan/ arbeidsplan.- Elevane har reelle val m.o.t. vanskegrad, arbeidsmetode og arbeidsmengd.- Elevane kan til ein viss grad sjølv velja tidspunkt for heimearbeid.- Elevane får høve til å vurdera eige arbeid.- Elevane kjenner vurderingskriteria- Minoritetslevar har høve til å velja målform
Elevane får opplæring i demokratisk deltaking	<ul style="list-style-type: none">- Klasserådet og elevrådet får opplæring- Klasserådet og elevrådet nyttar møteplan, sakliste og referat.- Klasserådet og elevrådet blir tatt på alvor.- Det er fast tid for klasseråd



Hardanger / Voss kompetanseregion Vurderingsgruppa

5 DELTAKARAR I VURDERINGA

- Interne: elevar, lærarar og foreldre
- Eksterne: Torgeir Vassnes og Gudny Fykse frå vurderingsgruppa i Hardanger/Voss kompetanseregion.

Grunngjeving for val av informantar

I vurderingsarbeidet er det viktig å involvera dei partane det gjeld. Det valte vurderingstema vedkjem alle partar i skulesamfunnet.

6 TIDSBRUK

Det er avsett 1 veke til å vurdera ein skule. Dette inneber i hovudsak ein startdag der vurderingsparet møter skulen for fyrste gong for avklaringar og planlegging. Under sjølve vurderinga, er vurderingsparet på skulen i inntil 3 dagar. Skulen får rapporten umiddelbart etter vurderingsdagane. I forkant og undervegs førebur vurderingsparet informasjon, metodar, verktøy og driv informasjonsbearbeiding og oppsummeringar. Å gjennomføra ei kvalitetsvurdering på 3 dagar er knapp tid, og inneber ei avgrensing av vurderinga.

TID	TILTAK	ANSVAR
september	Avtale om møte med rektor og personale	Vurderarane
Veke 41	Gjennomgang og fordjuping i vurderingstema. Val av metodar for informasjonsinnhenting.	Vurderarane
17. okt.	Vurderarane møter personalet ved skulen.	Vurderarane
17. okt.	Mål med dette møtet var: <ul style="list-style-type: none">- å avklara vurderingstemaet- å presentera kriterium for vurderingstemaet- å avklara kven som skal delta i vurderinga- å avklara ansvarsoppgåver for partane- å bli samde om tidsplan	Vurderarane/ plangruppa
Veke 42	Skulen får kriterieark.	Vurderarane
Veke 43	Skulen drøftar kriteria og kjem med evt. endringar og tillegg. Skulen sender svar elektronisk til vurderarane seinast 25. okt.	Rektor
Veke 44	Skulen får materiell som skal fyllast ut for å gi vurderarane førehandsinformasjon	Vurderarane
Veke 44	Retur av utfylte skjema og liknande seinast fredag 3. nov.	Rektor og lærarar



Hardanger / Voss kompetanseregion *Vurderingsgruppa*

Veke 45	Oppsummering av skjema. Utarbeiding av samtaleguidar.	Vurderarane
Veke 46 Man. 13.	Observasjon i klassar, intervju med elevar og lærarar. Foreldremøte (klassekontaktar) på kveldstid	Rektor/ vurderarane
Tys. 14.	Observasjon i klassar. Intervju med lærarar og elevar.	Rektor set opp tidsplan. Vurderarane gjennomfører tiltaka.
Ons. 15.	Intervju med lærarar og elevar. Samtale med rektor	Rektor set opp tidsplan. Vurderarane gjennomfører tiltaka.
Tors. 16.	14:00: Framlegging av førebels rapport til personale.	Rektor/ vurderarar



Det gjeld å skunda seg langsamt



7 METODAR

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. Vanlege metodar er dokumentanalyse, spørjeskjema, krysskjema, individuelle- og gruppesamtalar, møte og observasjon.

I denne vurderinga er følgjande metodar nytta:

Dokumentanalyse

Skulen sende vurderingsparet diverse relevante dokument, til dømes verksemdsplan, generell informasjon om arbeidsplanar, vekeplanar.

Kriterium og teikn på god praksis

Vurderingsparet utarbeidde framlegg til kriterium og teikn på god praksis og la dette fram i møte med personalet. Skulen arbeidde vidare med dette. Det endelege "glansbilete" vart godkjent av både vurderarar og skule.

Spørjeskjema

På bakgrunn av kriteriumsarket utarbeidde vurderingsparet påstandsskjema til partane i vurderinga. Desse vart fylt ut av elevar og lærarar, og returnert til vurderingsparet for oppsummering.

Oppsummering av spørjeskjema

Oppsummeringa gav overflatekunnskap om vurderingstema

Verktøy for vidare informasjonsinnhenting

For å kunna gjera djupdykk i temaet, laga vurderingsparet samtaleguidar for samtalar med dei tilsette og elevane. Vi hadde også møte med klassekontaktane ved skulen.

Vurdering

Vurderingsparet føretok ei vurdering, ved å spegla utsegnene frå foreldre, lærarar og elevar mot utarbeidde kriterium og teikn på god praksis.

Utifrå vurderinga vart det trekt ein konklusjon.



**8 SKULEN SINE STERKE SIDER INNAN
VURDERINGSOMRÅDET**

- **Samansveisa personale**

Ulike arbeidstakargrupper med på informasjonsmøte. Reinhaldarar og vaktmeister har felles pause med lærarar og assistentar. Mange sosiale tiltak i kollegiet. God og open tone på personalrommet. Låg terskel inn til leiing.

- **Dyktige og tydelege lærarar**

Jfr. svara på påstandsskjema og utsegner frå elevar

- **Stasjonsundervisning**

Stasjonsundervisning fremjar i høg grad trivsel og læring. Det er vidare ein god måte å ivareta tilpassing på. Vi observerte stor elevaktivitet på ulike faglege nivå og god utnytting av vaksne.

- **IKT**

Ideelle forhold for å nytta IKT i undervisninga. God maskintettleik. Kompetanse i kollegiet. Vilje til å bruka IKT. Systematisk opplæring i 8. klasse.

- **Periodeplanen i 8. klasse**

Denne planen er oversiktleg og gir foreldre god innsikt i kva borna driv med. Dei kan òg finna han på nettet. Elevane har innverknad på eigen kvardag og vidare kan dei disponera fritida si. Læringsmåla er tydelege. Alle faga er med på planen.

- **Uteområdet**

Alle partar er nøgde med uteområdet. Det gir høve til mange ulike aktivitetar.

- **Minoritetsspråklege trivest på skulen**

Observasjon og intervju viser at dei trivest på skulen. Skulen har ein plan for mottak av nye minoritetsspråklege. Kompetanse i lærarpersonalet.



9 SKULEN SINE UTVIKLINGSOMRÅDE INNAN VURDERINGSOMRÅDET

- **Medarbeidersamtalen må takast i bruk**

Viser til personalreglement for Ullensvang herad:

7.2. Introduksjon m.m., medarbeidersamtale

Heradet skal introdusera nye arbeidstakarar på arbeidsplassen m.m. i samsvar med eigne retningslinjer for introduksjon og oppfølging. Det skal også gjennomførast minst ein årleg medarbeidersamtale med alle fast tilsette i heradet.

- **Arbeidsplanane bør utviklast på mellom- og ungdomstrinn**

På ein arbeidsplan står alt arbeid som eleven skal gjera på skulen og heime ein viss periode.

Arbeidsplanen er ein reiskap for å gi elevar innverknad på eigen kvardag. Denne planen bør gi val innan vanskegrad, arbeidsmengd og arbeidsmetode. Ein slik plan gir òg elevane høve til å disponera fritida si.

Etter vårt syn tilfredstiller planen for 8. kl i stor grad dette. Andre trinn bør gradvis nærma seg dette. I første omgang at alle faga er med på planen.

- **Elevrådet bør få høgare status**

Sitat frå Kunnskapsløftet (Formål med elevråd)

"...Opplæringen i faget elevrådsarbeid omfatter alle elever. Gjennom arbeid i elevgrupper og ved deltakelse i påvirknings- og beslutningsprosesser, deriblant arbeid i elevråd, skal faget bidra til at elevene utvikler sin evne til å uttrykke selvstendige meninger og sin evne og vilje til å samarbeide. Slik kan faget fremme utviklingen av et inkluderende læringsmiljø som er fritt for mobbing og preget av trygghet og sosial tilhørighet..."

Spørjeundersøkinga viser at det ikkje er populært å vera med i elevrådet og mange veit ikkje kva elevrådet driv med. Intervjua viser at respekten for elevrådet blir lågare dess eldre elevane blir. Forbetringstips:

- kursing i demokrati
- Elevrådet gjer noko positivt og sosialt ilag



Hardanger / Voss kompetanseregion **Vurderingsgruppa**

- leiaroppgåver. Elevrådet har mynde over andre elevar. T.d at dei lagar ein plan over noko som skal gjerast og er arbeidsleiarar under gjennomføringa.
- Direkte møte med rektor
- Eiga informasjonstavle
- Disponera pengar
- Arrangere noko for andre elevar

- **Minoritetsspråklege må integrerast meir i kvardagen**

På barnesteget ser det ut til at elevane er bra integrerte og noko inkluderte. Di eldre elevane er di mindre gjeld dette. Dei er fysisk tilstades i rommet, men korkje integrert eller inkludert. Det er lite samhandling med medelevar i mange fag.

Minoritetsspråklege må i større grad reknast med i klassen og så langt råd er få delta i aktivitetar.

Dei norske elevane kan utvikla sin kulturelle kompetanse gjennom å vera rettleiar i fag. Denne oppgåva kan gå på omgang i klassen.

Minoritetsspråklege elevar må sjåast på som ein ressurs som kan utnyttast i t.d. samfunnsfag, musikk, mat og helse, kroppsøving (dans). KRL.

Lærarar med kompetanse i arbeid med minoritetsspråklege må sterkare inn i planlegginga.

Viser ellers til Strategiplan: Likeverdig utdanning i praksis (www.odin.no)

- **Samkjøring av mellomtrinnet på Sekse, Opedal og Kinsarvik**

Elevane frå desse skulane skal gå saman i ungdomsskulen. Sosialt blir elevane førebudde gjennom leirskule i 7.

Det er òg naturleg med eit samarbeid om fag, læreverk, arbeidsplanar og progressjon.

Dette kan gjerast gjennom eit fagnettverk på mellomtrinnet og faggrupper på langs.



10 VIDARE ARBEID ETTER MND - ÅR - SKULE

Utviklingsområde	Idear
Medarbeidarsamtalen må takast i bruk	
Arbeidsplanane bør utviklast på mellom- og ungdomstrinn	Kompetanse i kollegiet
Elevrådet bør få høgare status	Sjå punkt 9
Samkjøring av mellomtrinnet på Sekse, Opedal og Kinsarvik	Sjå punkt 9
Minoritetsspråklege må integrerast meir i kvardagen	Ekskursjon til Karmøy ? Ekskursjon til Bulken ?

6 månadar etter at skulevurderinga finn stad, vil rektor rapportera attende til skulesjef/skulefagleg ansvarleg korleis skulen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.

Kinsarvik 16. november 2006

Gudny Fykse
Vurderingsgruppa i Hardanger / Voss

Torgeir Vassnes
Vurderingsgruppa i Hardanger / Voss

5 Vedlegg



VEDLEGG 1

Påstandsskjema for elevar ved Kinsarvik skule

Dersom du er **heilt einig** i påstanden, kryssar du under 4. Dersom du er **heilt ueinig**, kryssar du under 0. Set **berre eitt kryss** ved kvar påstand.

Eg går i klasse: _____

	Påstand	4	3	2	1	0	<i>Veit ikkje</i>
1	Klasserommet mitt er fint						
2	Eg har mykje å gjera på i friminutta						
3	Vi kan ofte bruka datamaskiner						
4	Eg likar meg godt på skulen						
5	Eg snakkar med læraren min kvar dag						
6	Eg har elevsamtale åleine med læraren min						
7	Det er lett å snakka med lærarane mine						
8	Det er arbeidsro i klassen (gruppa) mi						
9	Eg gjer ofte noko saman med dei mioritetsspråklege						
10	Eg synest eg har gode lærarar						
11	Lærarane gjer mykje for at me skal følgja reglane						
12	Eg følgjer reglane på skulen						
13	Vi har undervisningsopplegg om korleis me skal vera med kvarandre						
14	Eg synest sjølv eg er høfleg						
15	Eg likar å arbeida etter arbeidsplan/vekeplan						
16	Eg kan velja oppgåver etter vanskegrad						
17	Eg kan av og til velja arbeidsmetode sjølv						
18	Eg kan sjølv bestemma når eg vil gjera heimearbeidet						
19	Av og til er eg med på å vurdera mitt eige arbeid						
20	Eg veit kva lærarane ser etter når dei <i>set karakterar/vurderer meg</i>						
21	Eg veit kva elevrådet jobbar med						
22	Det er populært å vera i elevrådet						
23	Elevrådet gjer ein nyttig jobb						



Hardanger / Voss kompetanseregion Vurderingsgruppa

VEDLEGG 2

Påstandsskjema for lærarar ved Kinsarvik skule

Dersom du er **heilt einig** i påstanden, kryssar du under 4. Dersom du er **heilt ueinig**, kryssar du under 0. Set **berre eitt kryss** ved kvar påstand

	Påstand	4	3	2	1	0	Veit ikkje
1	Det er trivelege undervisningsrom på skulen med tilfredsstillande standard						
2	Det er undervisningsrom som høver både for små og store grupper						
3	Det er lett å variera undervisningsmåte						
4	Eg kan gjennomføra undervisning i IKT etter planen						
5	Utearealet er tenleg til undervisning						
6	Alle elevane har noko dei kan gjera i friminutta						
7	HMS-rutinane blir fylgde						
8	Alle trivest på skulen, også dei minoritetsspråklege						
9	Leiinga ved skulen tek meg på alvor						
10	Det er dialog i medarbeidarsamtalen						
11	Det er sett av tid og midlar til kompetanseutvikling						
12	Lærarane tek elevane på alvor						
13	Det er dialog i elevsamtalen						
14	Det er låg terskel for foreldra til å ta kontakt med skulen						
15	Det er tovegs kommunikasjon (dialog) i konferansetimen						
16	Det er arbeidsro i timane						
17	Minoritetsspråklege vert integrert i vanleg undervisning						
18	Skulen har plan og rutine for å ta i mot nye framandspråklege elevane						
19	Lærarane er gode rollefigurar						
20	Fellesreglar vert praktiserte likt						
21	Skulen har opplegg for å fremja sosial kompetanse (Steg for steg. "Lions Quest" e.l)						
22	Elevane er høflege og viser respekt for <u>alle</u> medelevar og lærarar						
23	Elevane arbeider etter vekeplan, arbeidsplan eller lekseplan og kan nytta ulike arbeidsmåtar						
24	Elevane har reelle val m.o.t. vanskegrad, arbeidsmåte og arbeidsmengd						
25	Elevane kan- til ein viss grad- velja tidspunkt for heimearbeid						
26	Elevane kjenner vurderingskriteria						
27	Elevane får vera med å vurdere eige arbeid						
28	Klasserådet og elevrådet får opplæring i møteteknikk og drift av eit rådsorgan						
29	Klasseråd og elevråd blir tatt på alvor						
30	Elevrådet ser resultat av arbeidet sitt						



VEDLEGG 3

Samtaleguide – elevar

Om det fysiske arbeidsmiljøet

- Kva gjer du på i friminutta ?
- Kor ofte brukar de datamaskiner ?

Om det psykososiale arbeidsmiljøet

- Trivest du på skulen ?(har du vener på skulen?)
- Snakkar du med læraren din kvar dag ?
- Korleis er elevsamtalen ?
- Korleis gjer du viss du vil snakka med læraren din?
- Kva gjer du saman med dei minoritetsspråklege ?

Om sosial utvikling

- Nesten alle seier dei har gode lærarar. Forklar.
- Korleis handhevar lærarane reglane? Kva er konsekvensen for brot?
- Korleis lærer de korleis me skal vera med kvarandre?

Om innverknad på eigen kvardag

- Fleirtalet likar å arbeide etter arbeidsplan. Kva val kan du gjera på denne arbeidsplanen ?(vanskegrad, mengd,lekser...)
- Korleis gjer du når du er med å vurdere ditt eige arbeid
- Korleis veit du kva lærarane ser etter når dei vurderer/set karakter ?

Om demokrati

- Fortel om noko som elevrådet jobbar med ?
- Fortel om noko som elevrådet har fått til ?
- Klasseråd ?



VEDLEGG 4

Samtaleguide lærarar – Kinsarvik

Fysiske forhold

Er du nøgd med undervisningsromma?
Korleis går det an å dela i små og store grupper
Er du nøgd med utearealet? Gir det elevane fysiske utfordringar?
Korleis gjennomfører du IKT-planen?
Kva rutinar har skulen for HMT?

Det psykososiale arbeidsmiljøet

Kva inntrykk har du av dette? Minoritetsspråklege?
Korleis er medarbeidarsamtalen?
Har du fått nok "påfyll" når det gjeld Kunnskapsløftet?
Har du kompetanse i alle fag du underviser i?
Korleis er elevsamtalen?
Er det arbeidsro i timane?
Korleis er dei minoritetsspråklege integrerte?
Kjenner de planen for korleis de skal ta mot framandspråklege elevar?
Blir planen fylgd?

Om sosial utvikling

Korleis blir fellesreglar praktiserte?
Blir konsekvensane like for same brot?
Kva opplegg har det for å fremja sosial kompetanse?
Er elevane høflege mot lærarane?
Er elevane høflege mot kvarandre?
Er elevane høflege mot minoritetsspråklege elevar?

Innverknad på eigen kvardag

Korleis har elevane innverknad på eigen kvardag?
Kva val får elevane på arbeidsplanen?
Korleis kjenner elevane vurderingskriteria?
Korleis er eleven me d på å vurdere eige arbeid?

Opplæring i demokrati

Korleis gjennomfører du klasseråd?
Korleis arbeider elevrådet? (Faste oppgaver? Eigne initiativ?
Resultat?)



VEDLEGG 5

Møte med klassekontaktar

Kinsarvik skule har bede om å bli vurdert på to tema i læringsplakaten:

1. Sikra at det fysiske og psykososiale læringsmiljøet fremjer helse, trivsel og læring.

2. Stimulera elevane i deira personlege utvikling og identitet, til å utvikla etisk, sosial og kulturell kompetanse og evne til demokratiforståing og demokratisk deltaking.

Drøftingstema for foreldre 13.11.06

1. Elevane har trivelege og varierte undervisningsrom som høver både for små og store grupper.
2. Det er lagt til rette for fysisk aktivitet ute og inne.
3. Elevane trivest på skulen.
4. Informasjonen frå skulen tilfredsstillande.
5. Eg kan følgja med på eleven si faglege utvikling og læring gjennom arbeidsplanar/lekseplanar.
6. I konferansetimen snakkar vi både om utvikling i faga og trivsel for elevane.
7. Det er lett å ta kontakt med skulen om eg lurar på noko.